



[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

Nr 5 | 2022 | 81. årg

# KYRKJENYTT

for Vossabygdene



9

TURISTVERTAR  
SOMMAREN  
2022

14

NAMNA  
MINNE-  
LUND

DÅP,  
KONFIRMASJON,  
BRYLLUP,  
MERKEDAGER OG  
SMÅ OG STORE  
SELSKAP  
T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,  
Signe og Marie  
Fleischer

www.dehistoriske.no

#### DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av formenniske, kontinentale vaner, av dannet gjestfrihet.

## MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

#### Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit Anne Marie Haugen, Heidi Hisdal, Gunn Horvei, Randi Kløve (red), Olly Langehaug, Johnny Lemme og Margunn Mørkve.

Grafisk produksjon: Randi Kløve  
Trykkeri: Molvik Grafisk AS  
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

**Neste nummer av Kyrkjenytt kjem i veke 42.  
Frist for melding om stoff er torsdag 29. september.**

#### Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider: måndag-fredag 9-15. (onsdag 10-15).

Besøksadresse: Uttrågata 5

Postadresse: Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss.

Telefon: 56 52 38 80

[www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no)

E-post: [post.voss@kyrkja.no](mailto:post.voss@kyrkja.no)

Kontonr: 3480.16.45293

#### Prost i Hardanger og Voss Arild Hellesøy

tlf 906 99 533. E-post [ah539@kyrkja.no](mailto:ah539@kyrkja.no)

#### Sokneprest i Voss Hans-Christian Küspert

tlf 954 50 572. E-post [hk782@kyrkja.no](mailto:hk782@kyrkja.no)

#### Sokneprest i Ulvik og Granvin

Magnar Haaland

tlf 415 46 366. E-post [mh977@kyrkja.no](mailto:mh977@kyrkja.no)

#### Sokneprest i Vinje, Oppheim og

Raundalen Cato Torsvik

tlf 974 23 459. E-post [rt682@kyrkja.no](mailto:rt682@kyrkja.no)

#### Sokneprest i Evanger og Bolstad

Frode Kvamsøe

tlf 901 96 514. E-post [fk796@kyrkja.no](mailto:fk796@kyrkja.no)

#### Prostiprest Arnulf Sandvik

tlf 416 75 653. E-post [as794@kyrkja.no](mailto:as794@kyrkja.no)

#### Prestevikar Bengt Arvidsson

tlf 902 58 161. E-post: [ba735@kyrkja.no](mailto:ba735@kyrkja.no)

#### Soknerådsleiarar:

**Evanger:** Nora Mykkeltvedt, tlf 952 79 970

**Voss:** Bjørg Helland, tlf 938 56 326

**Oppheim:** Monica Gudrun Hansen,

tlf 957 58 204

**Vinje:** Ståle Hirth, tlf 950 81 902

**Raundalen:** Johnny Lemme, tlf 401 82 912

**Granvin:** Sigvor Melve Schrey, tlf 911 32 608

Bilete:

Framsidebilete: Till Daling, Unsplash.com .

S 4: Louise Lyshøj, Unsplash.com .

S. 13 - Daniel Frank, Unsplash.com

 Gravplass i Voss

**Gravplassadministrasjonen i  
Voss herad** har kontor i Uttrågata  
5 (Kyrkjelunet), tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar er Svein Tøsse.



# Ope kyrkje

## Vangskyrkja

Kvar måndag kl. 18 - 21

Velkommen inn til:

- Lystenning
- Bønn
- Stillheit og kvile

Tidebøn frå kl 18.00 - 18.30

# 32.850 gloymde måltid

Andakt av John Ove Thaule

For nokre år sidan utløyste eit lesar-innlegg i den engelske avisa British Weekly ein lang debatt.

Ein lesar skreiv fylgjande: "Herr redaktør. Eg skjønar at prestar legg ein god del arbeid i preikene sine og brukar mykje tid på å førebu dei. Eg har jamnleg gått på gudstenester i løpet av dei siste 30 åra, og viss eg har regna rett, så har eg lytta til bortimot 3.000 preiker. Men eg vert forskrekka av å tenkja på at eg ikkje klarar å hugsa ei einaste ei av dei. Difor lurar eg på om prestane si tid kunne brukast til noko meir nyttig? Med beste helsing....".

Dette utløyste ein debatt som gjekk i mange veker for og mot preiker, - heilt til eitt innlegg skreiv noko som sette ein stoppar for diskusjonen. Det var ein som skreiv fylgjande: "Eg har vore gift i 30 år. I løpet av desse åra har eg spist om lag 32.850 måltid, og dei aller fleste av dei har kona mi laga til. Plutseleg har eg funne ut at eg kan ikkje hugsa akkurat menyen for dess måltida.

Likevel har eg fått næring frå kvart einaste eitt av dei. Eg har eit bestemt inntrykk av at utan desse måltida hadde eg svolte i hel for lenge sidan. Med vennleg helsing.....".

Kvifor gå til gudstenester, høyra kristen forkynning eller på eigen hand lesa Bibelen og god kristen litteratur? Jesus seier i Johannes-evangeliet kap.6 at like viktig som mat er for dette livet, er Guds ord for vårt evige liv. Guds ord er som brød: "Det er Far min som gjev dykk det sanne brødet frå himmelen. Guds brød er det brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv" (v.32f).

Guds ord, talt eller lest, er først og fremst livgjevande brød/mat/næring! Vanleg mat spis me ikkje først og fremst for å hugsa. Me spis avdi me treng næring. Slik er det også med trua. Trua treng stadig ny næring for vekst.

Folket som høyrd, forstod at dette som Jesus sa, var viktig og dei braut ut: "Herre, gjev oss alltid det brødet!" (v.34). Då gav



Jesus dei det som for dei var eit merkeleg svar, men som me som lever i dag, vert utfordra på: Det som "gjev verda liv" (altså oss), er knytta til det aller viktigaste ved Jesu gjerning: Hans død og oppstode. "For det vil Far min, at kvar den som ser Sonen og **trur på han**, skal ha evig liv, og **eg** skal reisa han opp på den siste dagen" (v.40).

Det som Jesus stod og står for, er som ei personifisering av summen av det Guds ord står for. Difor kjem Jesus med den viktige innbjodinga til å ta til seg og stola på det han seier: "**Eg** er livesens brød." (v.35) og "**Eg** er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom **meg**" (Joh,14,6).

Me treng åndeleg mat på livesvegen mot det lova himmelske land. Me treng Guds ord om håp, oppmuntring, trøyst, tilgjeving og inspirasjon til hjelp med eit liv i teneste for Gud og nesten vår.

Guds ord brukta jamnt og trutt, gjer ei gjerning i oss. Me treng ikkje forstå korleis enzymer

i mage og tarmar fordeler næring gjennom blodet til kvar celle i kroppen. Sjøv om me ikkje **forstår** det, så spis me likevel. Avdi me har merka at det verkar!

Me treng ikkje **forstå** alt i Bibelen, men har me tillit til Jesus og det han seier om å ta til seg Guds ord, så gjer det sin gode verknad! For notid og evig framtid! Difor lukke og signing i di bibellesing.

Og når Jesus seier om seg sjølv: "**Eg** er livesens brød", er det viktig at me er med i forbøn for dei som forkynner, at det er **dette** me får ta til oss i sundagane sine gudsteneste-"måltid".

# Misjonsprosjektet



## Ingen skule - ingen ferie

Av Britt Hernes/Misjonsnemnda

I Mao-Komo-distriktet har det vore politisk uro i fleire månadar. Mange har flykta frå landsbyane avdi geriljaen kom og plynda, brann ned hus og drepte folk. Det byrja med at vepna styrkar gjekk til åtak på offentleg tilsette som lærarar og helsepersonell.

Difor har skulane vore stengt nesten heile skuleåret og borna har heller ikkje ferie å glede seg til. Dei ventar berre på at skulen skal opna att. Kor tid det vil skje er svært usikkert. Det er framleis utsrygt og dei fleste er ikkje komt attende til landsbyane.

Jeregna (26) vart lærar for 8 år sidan i landsbyen Penshuba. Han var skuleflink og læraren hans såg at han også var flink

til å læra bort. Då Jeregna gjekk i 9. klasse, fekk han tilbod frå det statlege utdanningskontoret om kurs. Men det var først gjennom eit SIL-prosjektet han vart lært opp i å lesa Komo og å brukha bøker. Etter fleire månadar med opplæring, byrja han å undervisa på Komo-språket i 2. og 4. trinn.

No er Jeregna ein av dei beste til å skriva Komo. I Etiopia er det berre nokre få tusen brukarar av dette språket og utdanningsnivået i området er generelt lavt. Kompetansen hans er difor særskilt verdifull. Staten ynskjer å gje han eit studie-stipend. Då vert han borte frå skulen i lengre tid og det er ingen som kan gjera jobben hans i landsbyen. Kva vil då skje med elevane?

Jeregna saknar elevane. Så langt har han ikkje fått lov å reisa heim avdi det er for farleg.

I ventetida jobbar han i ei prosjektgruppe. Han overset skolemateriell til Komo-språket. Når borna forstår kva dei les, vert dei glade og meir sjølvskre meiner Jeregna.

Be om at det blir fred i landsbyane slik at skulane kan opnast att.

Voss kyrkjelyd støttar NMS/Det Norske Misjonsselskap sitt arbeid i Etiopia.

Misjonsprosjektet har eigen Vipps-konto: 505877.



Foto: Mparany Rakotondrainy

# Voss Kantori (VOK) ynskjer seg fleire medlemmar

I midten av september skal me arrangere ein songkveld i Vangskyrkja der vi tek for oss gamle og nye songskattar. (Det kjem lysing i avis «Hordaland».) Få med deg nokre vener, naboar eller slektningar og møt opp for å sjå og høre om DU/DE vil bli ein del av VOK!

Seinare i haust syng me tradisjonen tru Jo Asgeir Lie si folkemusikkmesse på sundagsgudstenesta under Osafestivalen, me er med på julekonsertane i Vangskyrkja 11. desember, og det hadde vore grådig artig å få til ei jazzmesse med swingande musikk til Vossajazz neste år!

Ta gjerne kontakt med kantor Astrid Gjestvang, tlf. 958 56 414 hvis du vil ha meir info.



Skjervsfossen, juni 2022.  
Foto: Randi Kløve

# Supertysdag

i Vonheim - for alle familiar!

The logo for Supertysdag features a red stylized 'V' shape above the text 'KFUK KFUM' and 'Voss' below it, with a small sunburst graphic to the right.

## Velkommen til Supertysdag!

Superonsdag har vorte til Supertysdag!

Me ynskjer nye og gamle velkomne til hamburgermiddag til store og små, opplegg for borna, og tid for kaffi og prat for dei vaksne.

### Litt om Supertysdag:

Me treng tid saman! På supertysdag vil me tilby familiar i alle fasongar eit godt måltid etter jobb, ha aktivitetar for born i alle aldre og styrke foreldre/føresette i foreldrerolla gjennom ein kort og inspirerande "input". Her kan du treffe andre familiar, og alle er hjartelig velkomne!

Opplegget på Supertysdag er retta mot barnefamiliar, men andre er òg velkomne - veldig kjekt om det kjem ungdom òg!

I haust møtes me i Vonheim kl 16 den 27. september, 18. oktober og 29. november.

Finn oss på Facebook og meld dykk inn i føresett-gruppa. Påmelding til middag.

# Minneord - Anna Sylte Hamre

av Torbjørn Seim

Anna Sylte Hamre døyde 21. okt. 2021, 92 år gammal. Eit langt liv i kyrkja si teneste var slutt. Anna var fødd i Langevåg, Sunnmøre, og vart i ung alder gift med forkynnar og byggjeleiar Alfred Hamre frå Granvin. Dei busette seg på Røynstrand i Granvin.

Gjennom heile sitt vaksne liv gjorde ho ein stor innsats for Granvin kyrkje og kyrkjelyd, som kyrketenar og klokkar og i andre nærliggjande tenester. Ho hadde serleg omsut for dei unge og heldt i lang tid hus med samkome for konfirmantane og minikonfirmantane. Det var møte som vart sett pris på av dei unge.

Anna hadde ei stor etterslekt og i gravferda var det vakker song av dei mange etterkomarane hennar. I samkoma etterpå kom det mange helsingar og gode minneord om henne.



Anna var heidra med Kongens fortjenestemedalje i sylv og Granvin herad sin kulturpris.

Bygdefolket takkar for det ho gjorde og lyser fred over minnet!



## Kor-besøk i Vangskyrkja i september

Me er så heldige å få storfint besøk av kor frå Bergen to gonger i september. 11. september kjem Bergen domkor til Voss og held konsert i Vangskyrkja kl. 18. Dette er eit verkeleg godt kor og er verdt å få med seg for alle som er glade i korsong.

Sundagen etter, 18. september får me nok eit kor på besøk. Slettebakken motettkor har lagt haustturen sin til Voss og vil gjerne delta på gudstenesta i Vangskyrkja kl. 11 den 18.9. Dei korglade har mykje flott å sjå fram til i haust!

Granvin kyrkje, august 2022  
Foto: Randi Kløve

# Turistvertar i Vangskyrkja sommaren 2022



Tekst og bilete: Randi Kløve

I sommar har me endeleg kunna halde Vangskyrkja open for turistar. Etter to år med pandemi-stengd kyrkje, har me endeleg kunne ynskje besökande velkommen inn i Vangskyrkja att. Tysdag til laurdag sommaren igjennom har turistvertane halde dørene opne, og tilbodet har vore populært. Turistar frå svært mange land har teke turen innom den flotte kyrkja vår, og mange fine ord har vorte sagt om den. Me seier oss sjølv sagt einige, Vangskyrkja er eineståande vakker! Det er utruleg kjekt å kunne syne den fram til alle som ynskjer sjå den. Mange av dei besökande har hatt tilknytning til kyrkja på ulike vis. Nokre fortalte dei hadde besøkt den for mange år sidan, andre har hatt foreldre eller besteforeldre som gifta seg her.

Nokre amerikanske turistar var så overmåte interessera i kyrkja og klarte å overtale underteikna til å la dei gå opp i klokketårnet

ein sundag før gudstenesta (på eige ansvar). Dei to fruene vart sitjande att nede i kyrkjebenkane, men dei to karane tok turen høgt opp. Dei kom ned att sitjande på baken, steg for steg. Dei bratte og smale steintrappene er ikkje for pyser. Dei fire amerikanarane forlot Vangskyrkja strålende nøgde. Så skulle det ikkje så mykje til for å gje dei eit minne for livet.

Dei flotte, smilande turistvertane våre denne sommaren heiter Ingeborg Haga, John Rikard Mandelid, Oda Marie Rødne Hole, Rebecca Bøe Kharazmi, Sanna Bergsland og Øyvor Hole Baartvedt. På biletet ser du (frå venstre) Øyvor, Sanna og Ingeborg.

I tillegg til å guide turistane som besøkte kyrkja, har turistvertane våre også hatt oppgåver i samband med både gravferder og vigslar. Kan hende får du sjå nokre av dei i Vangskyrkja neste sommar også?



Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døypte eller tilhøyrande i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år.

På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

### Konfirmantpresentasjon

No er nokre av konfirmantgruppene våre har allereie starta opp. Me har så vidt blitt kjend med nokre av ungdomane og gler oss til å bli kjend med resten. Til sammen i er det registrert 142 konfirmantar i heile heradet.

Sundag 11. september er det konfirmantpresentasjon på gudstenestene i Raundalen, Vangskyrkja og Bolstadøyri bedehus. På Vossestrand og i Granvin har konfirmantane allereie blitt presenterte. På gudstenestene der me presenterer konfirmantane våre får alle sjå og høre alle namna. Me håper mange av familiemedlemene til konfirmantane og mange andre vert med i kyrkjene på desse gudstenestene.

Alle konfirmantane og familiane deira er SÅ velkomne i kyrkjene våre. Om nokon er seint ute med å melda seg som konfirmant, tek me sjølvsagt imot framleis. Ta kontakt med kyrkjecontoret.



Me har hatt T4, med utdeling av barnebibelen. Denne gongen fekk me høyrta bibelforteljinga om Jona og kvalen som slukte han. Barnekoret deltok med mellom anna songen om Jona som var "inni ein fisk", før Arnulf prest viste sine fiskekunster frå preikestolen. Det var stor glede då han fekk, ikkje ein fisk, men sjølvaste Jona på kroken. Ein våt og sliten Jona fortalte om korleis han hadde havna inn i kvalen og at han skulle høyrta på Gud heretter. Gudstenesta vart avslutta med at ungane sjølv fekk sjå om dei fekk fisk på kroken i bylgjene i kyrkja denne dagen. Fiskelukka var stor og det vart fangst på alle!

T1 T2 T3 T4 T5 T6 T7 T8 T9 T10 T11 T12 T13 T14 T15 T16 T17 T18

# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Teikning: Trevor Keen



## Finn 5 feil

Teikning: Trevor Keen

David var ein gjetargut som blei konge i Israel. Han laga mange songar om Gud. Dei står i Bibelen. Dei to biletene er nesten like. Finn du de fem feila på biletet under?



## Finn namn på åtte planetar!

Namna på dei åtte planetane i solsystemet vårt er gøynde i rutenettet under. Dei står bortover og nedover. Klarar du å finne alle saman?

R	O	T	T	A	K	J
L	A	V	U	R	J	O
I	M	E	R	K	U	R
M	A	N	A	N	P	D
B	R	U	N	E	I	E
O	S	S	U	P	T	N
M	O	M	S	T	E	K
B	S	A	T	U	R	N
A	B	B	A	N	U	R

Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene  
er henta  
frå bladet.

Bestill  
abonnement  
på [Sondagsskolen.no](http://Sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Vitsar

Eit egg fekk  
sjå seg sjølv i eit speil.  
– Å nei, eg har blitt eit  
speilegg!

Bestemor tykte  
vesle Jenny hadde så vakkert smil:  
– Tennene dine er som eit perlekjede:  
Kvite perler tett i tett.  
Vesle Jenny ville seie noko fint tilbake.  
– Tennene dine er som stjerner, bestemor:  
Gule og langt frå kvarandre.

Strandaklang arrangerer konsert med  
**Sigvart Dagsland og Karoline Krüger**  
i Vinje kyrkje, sundag 16. oktober kl 17



Me får no oppleve ein sjeldan samkøyrd duo i Vinje kyrkje. HO er ein etablert plateartist og scenekunstnar med musikkteater-suksess i inn- og utland, sist med Hellemyrsfolket og Spellemann på taket på DNS, samt turne med Statsteateret. HAN har ein stor popkarriere, og er for lengst etablert som ein av Skandinavias største stemmer. Det siste året har han turnert med sitt nyaste album Røst, og det beste frå ei tretti års lang karriere! Ta godt imot landets mest musikalske ektepar, Karoline Krüger og Sigvart Dagsland!

Billettar vert selde på nett og i døra. For å sikre deg billett på førehand kan du gå inn på facebooksida til Oppheim og Vinje sokneråd. Skann gjerne qr-koden nederst på sida her for å komme direkte til arrangementet.

Billettane kostar kr 350,-





# Seniortreff hausten 2022

Velkomen til seniortreff i Vonheim tysdagar kl. 12.00 -14.00.

Her vert det ulike kulturelle innslag og tema, andakt og allsong, og eit godt måltid og ein kopp kaffi med noko å bite i.

Pris kr.120,-

Har du bruk for skyss har me kjekke skysskarar.  
Ring 47849134, gjerne kvelden før.

## Program for hausten:

13 september:  
Einar Midtun fortel om Per Sivle

11 oktober:  
«Krig og fred» med Sverre Krogseth

8 november:  
Ynskjekonsert med Odd Hagen

13 desember:  
"Kva ER jola for oss?" med Kari Bye

Mini Midi Sing øver på onsdagar mellom 17:30 og 18:30. Dei vil gjerne ha med fleire songglade born. Ta kontakt med Åshild på mobil 952 98 681.

# Opning av namna minnelund på Tunshovden

Tekst og bilete: Randi Kløve

23. juni var det offisiell opning av den namna minnelunden på Tunshovden. Tilstades var arkitekt Signe Mossige som har teikna minnelunden, i tillegg til representantar frå dei ulike entrepenørane som har delteke. Kyrkjeverje Svein Tøsse er gravplassforvaltar i Voss, og ynskte velkommen. Ordførar Hans Erik Ringkjøb sa nokre velvalde ord, kantor Astrid Gjestvang spela for oss, og det vart avslutta med hyggeleg prat over nysteikte lappar og ein kaffikopp.



Du kan lese meir om minnelunden og dei andre gravplassane på Voss på nettsida [www.gravplassivoss.no](http://www.gravplassivoss.no).





Grøn kyrkjelyd

# Åpenheitslova - del 1

Tekst: Arne Mosefinn

Den 1. juli tok åpenheitslova til å gjelda. Lova vil føratilat bedriftermåta ansvarfor arbeidstilhøve og menneskerettar i leverandørkjeda si.

Åpenheitslova gjeld for selskap som sel varer og tenester i Norge, og gjev selskapa krav om å sikra menneskerettane når dei produserer varer, og å vera opne om kva dei konkret gjer for å sikra arbeidarane sine rettar.

## Kva er målet med lova?

Lova skal fremja verksemda sin respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i samband med produksjon av varer og levering av tenester i eigen produksjon, og i leverandørkjeda deira. Lova sikrar ålmenta tilgang til informasjon om korleis selskapa førebyggjer og handterer brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve.

## Kven gjeld den for?

Lova gjeld for «større verksemder» som høyrer heime i Norge, og som tilbyr varer og tenester i eller utanfor Norge. Med «større verksemder» meiner ein verksemder som er omfatta av rekneskapslova § 1-5, eller som overskrir grensene for to av fylgjande tre vilkår:

- salsinntekt på 70 millioner kroner eller meir
- ein balancesum på meir enn 35 millioner kroner
- gjennomsnittleg tal tilsatte i rekneskapsåret: 50 årsverk.

Døme på selskap som åpenheitslova gjeld for, er store selskap (som Norsk Hydro, Telenor), daglegvarehandel (Bama, Norgesgruppen), bankar (Storebrand, KLP, DNB), varehandel (IKEA, Kid Interiør, Clas Ohlson, Jernia) klesbransjen (H&M, Cubus, Boys of Europe, Vero Moda, Lindex) og selskap innanfor sport og elektronikk. I underkant av 9000 andre selskap vil også vera omfatta av lova.

## Kva for plikter har selskapa som lova gjeld for?

Bedriftene har ansvar for å sikra menneskerettane i produksjonen av varer og tenester. Det betyr at dei:

- har formulert klart sine plikter
- at dei skaffar seg ei oversikt over mogeleg risiko for menneskerettsbrot i si leverandørkjede
- gjer ein innsats for å fjerne risikoen for slike brot
- gjer sitt beste for å gjenopprett brot som er avdekka. Det kan til dømes vera urettmessig oppsagte fagforeningsaktivistar som får tilbake jobbane sine eller det å sikre ofra for ei ulykke erstatning.

## Kva for rettar har du til å få informasjon om arbeidstilhøve og menneskerettar?

Alle har rett til informasjon frå selskapa om korleis dei handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar for menneskerettar i si leverandørkjede. Det gjeld både generell informasjon og informasjon knytt til ei særskild vare eller teneste som verksemda tilbyr.

## Kor raskt må eit selskap svara?

Vender du deg til eit selskap må det normalt svara på spørsmåla dine innan tre veker.

## Kva skjer om selskapet ikkje svarar eller ikkje gjev informasjonen du har bede om?

Spør igjen - og vis til retten du har gjennom åpenheitslova. Viss selskapet framleis ikkje svarer «dekkande og skjøneleg» kan du klaga sak i til Forbrukartilsynet som vil vurdere sak og eventuelt påleggja selskapet å svara deg.

Forbrukartilsynet har ansvar for å gje råd og rettleiing til både forbrukarar og selskap om korleis lova kan brukast og korleis krava skal møtast.

# Om å leggja jorda under seg

Tekst: Kari Bye

«Du finn ikkje Gud opp i Gråsida,» har det vore sagt til dei som heller vil gå ein fjelltur om sundagen enn i kyrkja. Eller ein blir minna om at skaparverket er ikkje det same som Skaparen. «De skal veksa og aukast, fylla jorda og leggja henne under dykk.» Det er gjerne desse orda frå første kapittelet i Bibelen som fekk særskilt fokus i 1970-åra, då «økologisk berekraftig samfunn» vart ord som gav oss ein ny innfallsvinkel til skaparverket.

Det bibelske språket vart ikkje brukt her, eit nytt språk kom inn i samfunnet vårt. Medan kyrkja i den vestlege verda hadde tolka menneske si oppgåve å brukta naturen, hadde yngre generasjonar no oppdagat urfolk, og filosofiske tankar frå austleg kultur og religion. Det vart tolka slik at mennesket er faktisk meint til å vera medskapar, som tek ansvar for skaparverket. Og at naturen er og noko me sjølve er ein del av, både kroppen vår og det usynlege åndedraget frå himmelrommet som gjev livskraft til vår jordiske form.

Livskraft fekk ei ny mening som endra opplevinga vår av fysisk aktivitet. Me tok til å trena kroppen vår gjennom pusten. Lærde at åndedraget gjev indre styrke, og me opplevde at livet vårt mellom himmel og jord fekk ein ny dimensjon. Den åndelege dimensjonen, som mennesket er skapt med, og som er lengten i oss å finna attende til, så me kan vera heile menneske.

Det verdslege språket vart etter kvart opplevd som eit naturvernspråk, men det var og teologar interesserte i å finna eit sekulært språk om skaparverket og eit liv

i balanse, rett og slett å fylgja med i ei ny utvikling som dei såg at kyrkja måtte delta i. Mykje som ligg djupt i kristen tradisjon finn ein i verdigrunnlaget til naturvernet. Det gjeld å få balanse i livet mellom himmel og jord, ei heilskapleg utvikling, som både menneske og klimaet vårt er avhengig av.

Friluftsliv i Norge er ein kollektiv del av kulturarven vår, som svært mange deltek i, men som ofte har kome i konflikt med forkynning som skal styrka den åndelege dimensjonen i livet vårt. Det ser ut til å vera ein lengt i vårt indre som dreg oss ut i naturen. Me finn ro i ein kropp i rørsle. Naturen har ikkje noko mening om oss. Der er det trygt å berre VERA i livet. Det gjev glede og fornyande krefter. Der møter ein kvarandre og helsar som om ingen er framand, alle hører til. Og språk set ikkje grenser. Men kan me snakka om det?

«Eg lyfter mine augo til fjella: Kvar kjem mi hjelp i frå? Mi hjelp kjem frå Herren, han som skapte himmel og jord.» Det er frå Salme121, men fjellet går igjen i heile Bibelen, som eit symbol på Gud, og som noko som lyfter oss til Guds nærheit. «Liksom hjorten stundar etter rennande bekker, såleis stundar mi sjel etter deg, min Gud.» Salme 42 seier noko om denne naturlege lengten som fører somme til kyrkja og andre ut i naturen. Andre opplever det som ein heilskap, dei finn glede og styrke i Gudsordet og fellesskapet i kyrkja, og i Guds stille nærvær i naturen. Det er då, når livet ikkje er splitta, at ein blir trygg.

Kan ein snakka om eit kristent heilskapssyn?

 <p><b>VOSS SPAREBANK</b> - skapar verdiar for deg og lokalsamfunn  <a href="http://www.vossabanken.no">www.vossabanken.no</a> - 56 52 03 00</p>	 <p><b>myrkdalен.no</b></p>	 <p><b>Vekselbanken</b> - ein god medspelar - Telefon 56 52 35 00 <b>- med tilbod til liten og stor</b></p>
<p>Du finn oss i Sverresplassen 6, 2. etg.</p>  <p><b>MIA GÄVER</b></p> 	<p><b>Me ordnar alt vedrørande dødsfall</b> Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar <b>VIRKE GRAFFERD</b>  Telefon 56 51 11 94 – Telefax 56 51 30 67</p>	 <p><b>AZETS</b> Azets Insight AS avd. Voss Evangervegen 3, 5704 Voss Autorisert regnskapsførerselskap <a href="http://visma.no/outsourcing">visma.no/outsourcing</a></p>
 <p>Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo Tlf. 56 52 38 60</p>	 <p><b>Voss Energi</b> -rein vossakraft!</p>	<p><b>Pianostemmer Voss</b> På tide å stemme pianoet?  <a href="http://pianostemmervoss.no">pianostemmervoss.no</a> Tlf. 99 43 53 36</p>
	 <p><b>KIWI pris</b> Kiwi Vangen Tlf. 56 51 27 35</p>	<p><b>GRAVSTEIN</b> Nye gravmonument, tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:  <b>STEIN &amp; MERKE</b> Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099</p>
<p><b>Nordhordland Begravelsesbyrå AS</b> <b>VIRKE GRAFFERD</b> Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå <a href="http://www.nordh-bb.no">www.nordh-bb.no</a></p> <p><b>Stort utvalg i blomster og gravminne!</b></p> <p>KYRKJVEGEN 1 5911 Alversund      FREKAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug      AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70</p> <p><b>Me går sammen med deg hele vegen</b></p>		<p><b>Voss Bokhandel</b> Vangsgata 27, 5700 Voss Tlf. 56 51 11 16</p>
<p>Din røyrleggjar i sentrum  <b>Snakk med Comfort</b> Helge Nikolaisen A/S  <b>Installasjon - Service - Vedlikehald</b> Velkommen i butikken! <b>Tlf. 56 51 26 28</b> Vangsgt. 4, 5700 Voss</p> <p></p>	<p><b>VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS</b> <b>Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.</b> Kransar, oppsatsar og bårebukettar fritt levert til gravferda. <b>Gravmonument.</b> Tlf. 56 59 74 70 - Mobil. 911 79 766</p>	 <p>Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding <a href="http://www.vaattogvilt.no">www.vaattogvilt.no</a> - Tlf 91374995</p>
 <p><b>VOSS MØBEL OG TREVAREVERKSTAD AS</b></p>	<p>Skyvedørskarmar Loftstrapper Inspeksjonsluker</p>	<p>Anleggsgartner og trepliatar <b>GUNNAR LILLETHUN</b> Tlf. 901 19 315 • <a href="http://www.lillethun.no">www.lillethun.no</a></p>
 <p>HMV Maskin EIK Senteret Voss</p>	<p>EIK SENTERET</p> <p>Stolte tradisjonar, ny næring</p>	<p>Regimentsvegen 14 5705 Voss +47 56 52 9130 <a href="http://hmvgruppa.no">hmvgruppa.no</a> Verkstad og delleager</p>

# Kyrkjelege handlingar

## DØYTE

### Granvin sokn:

24.07	Astrid Kolskår
24.07	Jorid Kolskår
24.07	Nora Brekke
24.07	Gaute Elvatun
13.08	Terje Foshaugen-Kalsaas
14.08	Birk Varberg Folkedal
14.08	Olina Saue Holven
14.08	Sevrin Lexow Kjerland

### Oppheim sokn:

12.06	Ingrid Gilbakken
18.06	Sara Ure Glesnes

### Voss sokn:

19.06	Kristin Byrkje Norekvål
19.06	Skage Mjånes Vedå
19.06	Joar Tveit Brunborg
26.06	Max Amundsen Remme
26.06	Ingrid Tokvam Løne
26.06	Olina Utkvitne Jensen
10.07	Anna Tveito Skattebo
10.07	Tor Afdal Trondsen
24.07	Styrk Hjelle Myren
24.07	Tage Tvinde Røthe
24.07	Kaia Knag-Rekve
31.07	Ellinor Lødøen
07.08	Kaja Tveito Mørkve
14.08	Anna Fagerli Oma
14.08	Eirik Ringheim Rasdal

## DØDE

### Oppheim sokn:

12.06	Bertina Bidne, f. 1929
21.07	Sigrun Hegland, f. 1940
28.07	Ragna Ettesvoll, f. 1929

### Vinje sokn:

15.06	Kolbein Midthun, f. 1931
16.06	Jorunn Ranveig Humlebrekke, f. 1942
09.07	Anve Herheim, f. 2005
13.08	Anita Irene Jordalen, f. 1962

### Voss sokn:

14.05	Aslaug Mundal, f. 1934
16.05	Johanna Røthe, f. 1938
17.05	Birger Knapstad, f. 1934
26.05	Bjørg Kjellaug Kvamme, f. 1930
25.05	Bjørn Brekke, f. 1937
30.05	Gudrun Gjøstein, f. 1921
31.05	Odd Flisram, f. 940
10.06	Brita Bøe, f. 1931
07.06	Nils Dagestad, f. 1943
08.06	Rigmor Nåmdal, f. 1930
18.06	Klara Gunnvor Almenningen, f. 1931
10.06	Tordis Seim, f. 932
22.06	Ruth Bjørg Veslegard, f. 1928
23.06	Anne Synnøve Skotoff, f. 1961
26.06	Svanhild Julseth, f. 1960

### 24.06

24.06	Steffen Kvarekvål, f. 1929
01.07	Knut-André Byrkje, f. 1990
02.07	Knut Tuft, f. 1928
07.07	Anna Kyte, f. 1929
04.07	Berit Solheim Hole, f. 1957
08.07	Bjarne Styve, f. 1929
12.07	Edith Marie Flisram, f. 1986
13.07	Jon Kvitne, f. 1944
20.07	Else Moe, f. 1936
22.07	Nancy Tveranger Jordal, f. 1928
23.07	Hilmar Ingolf Sleen, f. 1936
25.07	Sigurd Nilsson Nesheim, f. 1929
03.08	Torstein Viken, f. 1975
03.08	Gudrun Reime, f. 1926
06.08	Brynjulf Opheim, f. 1951
10.08	Jan-Olof Øberg, f. 1957
11.08	Ranveig Een, f. 1928
14.08	Anders K Fenne, f. 1937

### Evanger og Bolstad sokn:

21.05	Ida Hernes, f. 1927
21.05	Anlaug Andersen, f. 1936
30.06	Lars Atle Bolstad, f. 1955

### Granvin sokn:

04.07	Ivar Folkedal, f. 1939
-------	------------------------

## VIGDE

### Evanger og Bolstad sokn:

20.08	Brita Karina Rong og Jon Langvandsbråten

### Vinje sokn:

18.06	Kristine Bøe og Stian Jordalen Hommedal

### Voss sokn:

25.06	Camilla Breivik Justad og André Humlebrekke Solsvik
25.06	Katrine Myklebust og Lars Tveit Christiansen
09.07	Iselin Hjetland og Ørjan Hegland Margrete Hille og Sveinung Økland
09.07	

16.07	Emee Grace Biinäs og Tommy Mandelid
23.07	Silje Marie Kyte og Stian Kristoffersen Anne Ellingsen Halderaker og Anders Kloven

06.08	Marthe Brokke Skjelde og Per Christian Fosse
13.08	Henriette Yggseth og Joar Hagatun Ida Synnøve Mindre og Håkon Kjøde Rødal

13.08	Linn Ravndal Norevik og Rune Dyrikbotn
20.08	Maria Irgens Blakstad og Jardar Tøn Solveig Riisøen og Kristian Gundersen Veronica Nes Berg og Sondre Skeie

20.08	
20.08	Maria Irgens Blakstad og Jardar Tøn Solveig Riisøen og Kristian Gundersen Veronica Nes Berg og Sondre Skeie

# INFORMASJON

Kyrkjenytt for Vossabygdene  
PB 49  
5701 VOSS

## Gudstenesteliste

### Bolstadøyri bedehus:

**11.09 kl 1100** Gudsteneste. Kvamsøe.

### Evanger kyrkje:

**02.10 kl 1100** Gudsteneste. Kvamsøe.

### Granvin kyrkje:

**04.09 kl 1400** Gudsteneste. Arvidsson.

**18.09 kl 1100** Gudsteneste. Arvidsson.

**25.09 kl 1400** Gudsteneste. Arvidsson.

**09.10 kl 1100** Gudsteneste. Arvidsson.

### Jordalen kapell:

**18.09 kl 1100** Gudsteneste. Vikar.

### Oppheim kyrkje:

**25.09 kl 1100** Gudsteneste. T3 og T4. Vikar..

**16.10 kl 1100** Gudsteneste. Vikar.

### Raundalskyrkja:

**11.09 kl 1100** Gudsteneste. Vikar.

**02.10 kl 1100** Gudsteneste. Vikar.

### Vangskyrkja:

**11.09 kl 1100** Gudsteneste. Küspert.

**18.09 kl 1100** Gudsteneste. Küspert.

**25.09 kl 1100** Gudsteneste. Küspert.

**02.10 kl 1100** Gudsteneste. Hellesøy.

### Vinje kyrkje:

**11.09 kl 1100** Gudsteneste. Vikar.

**02.10 kl 1100** Gudsteneste. Vikar.

Vær merksam på at det kan kome endringar på oppsett gudstenesteliste! Følg med i Avisa Hordaland eller på nettsida vår: [www.voss.kyrkja.no](http://www.voss.kyrkja.no).

## Aktivitetskalender

### Ope kyrkje i Vangskyrkja

kvar måndag 18-21.

Tidebøn frå kl 18.

**06.09 kl 10:30 og 12:00. T1 Babysong**  
startar opp att i Vangskyrkja. Babysong er for Voss, Raundalen, Granvin, Evanger og Bolstad sokn. Du vel eit av samlingane. Felles lunsj mellom dei to samlingane.

**08.09 kl 10:30 T1 Babysong** for Oppheim og Vinje sokn. Me held til i Kyrkjestova ved Oppheim kyrkje.

**09.09 kl 19:30 KRIK-trening for ungdom** i Voss idrettshall.

**30.09 Ungdomskveld i Vonheim:** Psykisk helse og kristen tru.

**18.10 kl 1600 Supertysdag** i Vonheim.

**21.09 Misjon og Mosjon,** tur til Grønlivatnet.

### T-dagar:

**10.09 T3 Undretur** for Voss sokn i Vangskyrkja.

**24.09 T9 Pilegrimstur** for Oppheim og Vinje sokn, frå Oppheim kyrkje.

**25.09 T3 Undretur og T4 Utdeling av Barnebibelen** for Oppheim og Vinje sokn, i Oppheim kyrkje.

**30.09 T11 Lys vaken** for Voss og Raundalen sokn, i Vangskyrkja.

**07.10 T12/T13 Bruce Almighty** for Voss, Granvin, Raundalen, Evanger og Bolstad sokn.